

Forslag om endring av plan- og bygningsloven - forbud mot nedbygging av myr

Status

Innsendt til Miljødirektoratet

Innsendt og bekreftet av instansen via: anne-sofie.stromme@vinje.kommune.no

Innsendt av

Anne-Sofie B. Strømme

Innsendt dato

31. oktober 2025

På vegne av

Vinje kommune

Målgruppe

Kommune (Offentlig)

Stilling

Plan- og miljørådgjevar

✓ Jeg bekrefter at denne uttalelsen er på vegne av hele oppgitte kommune.

Forslag om endring av plan- og bygningsloven - forbud mot nedbygging av myr

På vegne av Kommunal- og distriktsdepartementet og Klima- og miljødepartementet sender Miljødirektoratet med dette forslag til endringer i plan- og bygningsloven på høring. Forslaget må ses i sammenheng med anmodningsvedtak fra Stortinget (vedtak 108 fra 2022) der det bes om at regjeringen legger frem et forslag om forbud mot nedbygging av myr.

Departementene foreslår at et forbud mot nedbygging av myr plasseres i plan- og bygningsloven § 1-8a, etter modell fra byggeforbudet i strandsonen. Forslaget omfatter all myr, uansett dybde. Kommunen kan gjøre unntak fra forbudet ved ny reguleringsplan etter plan og bygningsloven kapittel 12, men slik plan kan bare fastsettes dersom en klar overvekt av interesser taler for det.

Departementene ber særlig om høringspartenes innspill til følgende spørsmål:

- Bør terskelen for kommunens planskjønn for reguleringsplaner som gjør unntak fra forbudet mot nedbygging av myr være høyere enn ellers, eller bør det følge samme regelverk som ellers, uten krav om klar interesseovervekt?
- Bør forbudet gjelde all myr, uansett dybde, eller bør det avgrenses til myr dypere enn 30 cm, etter modell av forbudet mot nydyrking av myr?
- Hvilke konsekvenser vil det ha at et forbud får virkning for reguleringsplaner vedtatt før forbudet trer i kraft?

Vi viser for øvrig til departementenes høringsnotat og lovforslag som ligger nederst på denne siden.

Spørsmål om innholdet i høringsdokumentene eller om utsatt høringsfrist rettes til Klima- og miljødepartementet: postmottak@kld.dep.no.

Eventuelle uttalelser skal sendes til Miljødirektoratet via denne siden, ikke til Miljødirektoratets postmottak. Uttalelsene vil ligge på høringssiden og blir synlig for alle interesserte.

Kommentar

Vinje kommune stør intensjonen bak framlegget om å redusere nedbygging av myr, og er samd i at myr er ein viktig naturressurs som må sikrast for å ta vare på biologisk mangfald og redusere klimagassutslepp. Samstundes meiner Vinje at framlegget slik det ligg føre no med eit totalforbod mot nedbygging av all myr uavhengig av djupn, storleik og kvalitet, vil få store negative konsekvensar for fjell- og distriktskommunar. Vinje ber departementa justere innretninga slik at forbodet blir meir målretta, fleksibelt og mogleg å gjennomføre for små distriktskommunar, som vil bli råka hardt av forbodet slik det ligg føre.

Landbruk og skogbruk

Eit totalforbod mot inngrep i myr vil kunne råke praktiske tiltak som bønder og skogeigarar er avhengige av i si drift. Særleg vil forbodet få konsekvensar på bygging av driftsbygningar, jordbruksveggar og skogsbilveggar. Slike tiltak er ofte naudsynt for drift, og i ein del tilfelle er det vanskeleg å unngå myrområde fullstendig i terrenget.

Forbodet vil få uheldige utslag da det ikkje er realistisk å krevje reguleringsplan for kvart einskilt tiltak av denne typen. Allereie i dag blir det gjort grundige faglege vurderingar når det søkast om tilskot til jord- og skogbrukstiltak. Dersom ein ikkje kan byggje skogsbilveg over mindre myrstrekk, kan tilgjengeleg skog bli liggjande ubrukt eller krevje mykje lengre vegomkøyningar. Totalt sett kan dette gje meir klimautslepp og større naturinngrep ved at ein må bruke omveg og meir areal for å unngå små myrparti. **Vinje kommune foreslår eit unntak frå forbodet for mindre tiltak i jord- og skogbrukssamanheng, og det bør vere høve til bygging av skogsbilveg ved å nytte geoduk eller likande, så lenge ikkje myra vert skada.**

Friluftsliv og kanalisering

Tilrettelegging av stiar, løyper og andre friluftstiltak med intensjon om kanalisering er eit viktig tiltak for å ivareta sårbar natur og sårbare villreinområde, og bør unnatakas forbodet. Friluftstiltak som klopping, gangbaner og bruk av geoduk for stiar og løyper bør vere mogleg å etablere, så lenge dei ikkje skadar myra. Desse tiltaka er viktig for å avgrense ytterlegare slitasje på eksisterande stiar og løyper i våtmark, samt viktig for å kanalisere vekk frå anna sårbar natur som villreinområde.

Departementa ber særleg om innspel til fylgjande spørsmål:

1. Bør terskelen for kommunen sitt planskjønn for reguleringsplanar som gjer unntak frå forbodet mot nedbygging av myr vere høgare enn elles, eller bør det fylgje same regelverk som elles, utan krav om klar interesseovervekt?

Ja, Vinje kommune meiner at terskelen bør vere høgare. På bakgrunn av ny kunnskap, nasjonale føringar og forventningar til kommunal planlegging bør det vere ei klar interesseovervekt, dersom ein skal fråvike forbodet om nedbygging av myr. Dette bør vurderast grundig i ein reguleringsprosess eller ved dispensasjon, basert på godt dokumentert kunnskapsgrunnlag.

2. Bør forbodet gjelde all myr, uansett djupn, eller bør det avgrensast til myr djupare enn 30 cm, etter modell av forbodet mot nydyrking av myr?

Eit totalforbod mot nedbygging av all myr vil få store konsekvensar for fjell- og distriktskommunar der store delar av areala er myrlendt. All myr bør i utgangspunktet vere omfatta av forbodet, men djupn, utstrekning og kvalitet må vurderast konkret i kvar sak og det bør føreligge klar interesseovervekt for gjennomføring av planen eller dispensasjon. Ei einsarta handsaming av marginale myrer og store, karbonrike myrområde er ikkje føremålstenleg.

Dersom målet er å sikre klima, naturmangfald og klimatilpassing, bør all myr i utgangspunktet vere omfatta av forbodet. Samstundes meiner Vinje at det føreslegne generelle forbodet mot inngrep i all myr, uavhengig av arealstorleik, torvdjupn og økologisk verdi, er for rigid og kan få utilsikta konsekvensar for naudsynt samfunnsutvikling i distriktskommunar. Ei einsarta handsaming av marginale myrareal og store, karbonrike myrer er ikkje føremålstenleg.

Vinje skjønar behovet for å verne grunne myrer med særleg økologisk verdi, men meiner at torvdjupn, arealomfang og kvalitet bør inngå i ei konkret vurdering i den einskilde saka. Vidare vil Vinje understreke betydninga av lokalt sjølvstyre, lokal forvaltningskompetanse og bruk av kommunalt skjønn. Dette er avgjerande for å sikre treffsikre og legitime vedtak. Vinje er difor kritiske til forslaget om at dispensasjonsmynde etter pbl. § 19-2 kan delegerast til regionalt eller statleg nivå.

3. Kva konsekvensar vil det ha at eit forbod får verknad for reguleringsplanar vedtatt før forbodet trer i kraft?

Vinje kommune er kritiske til at forbodet får tilbakeverkande kraft på vedtekne reguleringsplanar, og meiner forbodet berre må få verknad for nye reguleringsplanar. Tilbakeverkande kraft vil vere uføreseieleg og inngripande både for kommunen, tiltakshavarar og næringsaktørar. Dette kan føre til økonomiske tap og praktiske utfordringar for aktørar som har innretta seg etter vedtekne planar. Det kan føre til:

- Erstatningskrav
- Konfliktfylte saker
- Monaleg arbeidsmengde for kommuneadministrasjonen

Høyringsnotatet legg til grunn at forslaget berre vil ha *små administrative konsekvensar* for kommunane. Vinje stiller seg uforståande til denne påstanden, då realiteten truleg er motsett. For det fyrste vil kommunane måtte identifisere og eventuelt revidere eit stort tal gjeldande planar som inneheld myr, dersom forbodet får tilbakeverkande kraft. Dette er eit arbeid som vil krevje mykje tid og kompetanse, og som kjem på toppen av allereie pressa planressursar i små kommunar.

Vinje er ikkje samd i at forbodet berre vil føre til små administrative konsekvensar for kommunane, og etterlyser ei vurdering av arbeidsmengde og ressursbehov for fjellkommunar med mange reguleringsplanar som potensielt vere i konflikt med myr. Endring av desse vil kunne føre til stor arbeidsmengde på administrasjonen, og potensielt tunge saker om erstatning. Staten må utarbeide klare retningslinjer for handtering av eldre planar og avklare ansvar for eventuelle erstatningar dersom planar må endrast.

Oppsummering

- Vinje kommune er sterkt kritisk til at høve til å gje dispensasjon etter pbl. § 19-2 vert lyfta til regionalt eller statleg organ. Vinje meiner det er viktig at kommunane har høve til å utøve skjønn i enkeltsaker der viktige lokale omsyn blir vektlagt sterkt.
- Landbruk og skogbruk må skjermast for urimelege utslag. Det bør opnast for unntak for naudsynte tiltak som driftsbygningar, jordbruks- og skogsbilvegar, særleg der ein kan setje krav til å nytte skånsame metodar som geoduk eller kavling og liknande utan å skade myra.
- Friluftstiltak som klopping, gangbaner og bruk av geoduk for stiar og løyper bør vere mogleg å etablere, så lenge dei ikkje skadar myra. Dette er viktige tiltak for kanalisering i sårbare område.

Høyringsuttala vart vedteke i plan- og miljøutvalet i møte 29.10.25, sak 116/25, med fylgjande vedtak:

Vinje kommune stør intensjonen bak framlegget om å redusere nedbygging av myr, og er samd i at myr er ein viktig naturressurs som må sikrast for å ta vare på biologisk mangfald og redusere klimagassutslepp. Samstundes meiner Vinje at framlegget slik det ligg føre no vil få store negative konsekvensar for fjell- og distriktskommunar. Vinje ber departementa justere innretninga slik at forbodet blir meir målretta, fleksibelt og mogleg å gjennomføre for små distriktskommunar, som vil bli råka hardt av forbodet slik det ligg føre. Vinje kommune sender over saksframlegget, slik det gjeng fram under vurdering, som høyringsinnspel. Vinje kommune foreslår eit unntak frå forbodet for mindre tiltak i jord- og skogbrukssamanheng, og det bør vere høve til bygging av skogsbilveg ved å nytte geoduk eller likande, så lenge ikkje myra vert skada.

Samla saksframstilling med vedtak ligg som vedlegg.

Vedlegg

 **Saksprotokoll - Endring i plan- og bygningsloven - Forbod mot nedbygging av myr - Høyring.pdf**

